



Eirin og Marita på standen til skulen sin

Ingen skal klaga over at jentene i Uskedalen gjer tradisjonelle val av yrke. Syskenborna Eirin Rørheim Kjærland og Marita Kjæland, som er 16 år, skal bli gardbrukarar og ta over kvar sin gard medan Ellen Karin Ljosnes Moen (også 18) er bestemt på at ho skal bli glasblåsar. Dei 3 er ikkje i tvil i denne saka mens ein fjerde uskedeling, fotballspelar Torbjørn Steinsvik, ikkje har bestemt seg førebels. Og det var atskillige fleire enn han som vandra mellom tilboda på yrkesmessa på Husnes i dag og var prega av valets kval.



[Ho vil bli glasblåsar](#)

Men Eirin og Marita har allereie kome så langt at dei er godt igang md den yrkesretta utdanninga - dei går i 1. klasse i agronomlina ved jordbruksskulen på Voss. På denne velrennomerte skulen har fleire uskedelinger i dei seinare år fått ein solid

3 år lang utdanning, mellom andre sauebonden Olav Hjetland Bringedal og Lena Iren Musland.

Yrkesfag

Bygg og anleggsteknikk
Vg1 Bygg og anleggsteknikk
Vg2 Byggteknikk

Elektrofag
Vg1 Elektrofag
Vg2 Elenergi

Helse- og sosialfag
Vg1 Helse- og sosialfag
Vg2 Helse- og sosialfag
Vg1 Helsearbeidar
Vg2 Helse- og ungdoms-
arbeidarfag

Veit ikkje heilt kva han vil bli

Den fylkeskommunale skulen som ligg på Skulestadmo attmed Lundavatnet og har 175 elevar i år har også 1 elev frå Rosendal og 1 frå Løfallstrand.

Dei fleste kjem frå Bergensområdet.

Klassa til dei 2 slektingane frå Uskedalen er overfylt med 26 og det er 3 fleire jenter enn gutar.

Marita var med frå starten i august men Eirin slutta seg til som etteranmeldt i oktober etter inspirasjon frå Marita. Det har ho ikkje angra på for begge er nærmast overstadig fornøgde med skulevalet.

- Det er eit suverent miljø med positive elevar og lærarar.

Vi bur på internat og dermed svært tett på kvarandre, Det er ein ideell sosial situasjon, seier jentene som gler seg til å ta imot foreldrane ein spesiell dag i januar då det er synfaring.

Men Marita og Eirin strekar under at ein må lika å vera ute i allslags ver når ein går på denne skulen!

-Korleis er det med fritidssyslar, spør vi jentene.

Eirin er ivrig musikal og har instrumentet med medan Marita sin interesse er dyr. Den får ho tilfredsstilt på skulen.

- Kva med gitar, er det mange kjekke av dei?

- Det er jo alltid nokon, lyder svaret.

På standen under messa er dei saman med rådgjevaren, Samson

Hamre som også er fruktdyrkar i Ullensvang. Han er spent på om eit nytt kurstilbod til hausten vil slå an. Det heiter naturbruk og med satsing på klima, energi og miljø meiner

han det burde vera superaktuelt. Minst 12 må melda seg hvis kurset skal starta.

Ellers tør han førebels ikkje ta den overfylte agronomklassa som eit teikn på auka søkning, det vil dei først få sjå neste år.

Ellen Karin Ljosnes Moen som bur på Ljosnes og går siste klasse ålmenn med formgjeving ved KVV har ein draum om etablering av eiga glashytte. Sjølv om det hadde vore kjekt å gjera det i Uskedalen innser ho at det neppe er realistisk. Ho må nok søkje seg til ein stor by.

Men kvifor eit så utradisjonelt yrkesval? Jenta frå Ljosnes fekk tenninga då ho som åtteåring såg glasblåsing i eitt blad. Under ein ferietur med stopp ved Magnor Glasverk då ho var 10 år vart ho tent enda meir og som elev på ungdomsskulen for 5 år sidan var ho med på eit helgekurs i Bergen og fekk prøva seg med blåsing. No håpar ho på lærlingeplass hos Stine Hoff i Bergen.

- Kvifor glas, Ellen Karin?

- Det er så fascinerande kva du kan få til.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen